



Fitjar kommune

Det kongelege kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:  
2008/145-3292/2010

Sakshandsamar:  
Edvin Aase,

Arkivkode:  
A00

Dato:  
01.07.2010

## Høyringsuttale vedk nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar

- Fitjar kommune sender med dette administrativ høyringsuttale vedk nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar.
1. Fitjar kommune meiner at det nye finansieringssystemet for ikkje-kommunale barnehagar framleis må sikra eit kvalitativt godt barnehagetilbod og rimelege driftsvilkår. Det nye systemet må imidlertid vera klårare og meir presist enn det har vore til no. Dette for at sakshandsaminga kan forenklast og at det vert forståing og aksept for kva likeverdig handsaming i barnehagesektoren reelt sett omfattar og betyr. Det vil sikra god og open forvaltning og kommunikasjon. Forslaget til ny modell synest å ta noko omsyn til dette.
  2. Når øyremerka statstilskot barnehagar frå 2011 vert innlemma i rammetilskotet til kommunane, er det viktig at dette vert kompensert fullt ut. Dette for å sikra at kommunane kan oppretthalda eit godt barnehagetilbod utan reduksjon av andre kommunale tenester. Fitjar kommune meiner at grunnlaget for rammetilskot til kommunen må vera tal born i barnehagealder i kommunen.
  3. For Fitjar kommune sin del ser me gjerne at tilskot til den einskilde barnehage vert basert på antal barn i barnehagen. Teljetidpunktet bør vera 15.des med høve til justering ved oppstart nytt barnehageår (ca 1.august.). Det må gjerne fastsetjast rettleiande nasjonale satsar for basistilbodet som utgangspunkt for utrekningar. Det må vera eigne satsar for små born (under 3 år) og store born (over 3 år), men skilnaden må gjerne vera noko mindre enn det som har vore til no. Det vil gi ei rettare fordeling av tilskotet mellom barnehagane. Opphaldstid i barnehagen må og vera eit moment i utarbeidinga av satsane. Satsane må gjerne vera dei same for kommunale som ikkje-kommunale barnehagar.
  4. Tilskotet til drift vil vera hovudtyngda i tilskotet, og dette må skiljast frå satsane for kapitalkostnader. Kapitalkostnadane utgjer berre ein liten del av dei samla kostnadane i ikkje-kommunale barnehagar. På dette område må kommunane kunne nytta nasjonale gjennomsnittssatsar.

5. Me ser ikkje behov for å fastsetja nivå på administrative kostnader til 4 %, særleg sidan rapporten frå Telemark-forsking meiner at talgrunnlaget for dette er usikkert, og at det kan vera negativt for mindre barnehagar.
6. Fitjar kommune er samde i at hovudregelen må vera at offentlege tilskot og foreldrebetaling skal kome borna i barnehagen til gode. På dette området vil me meina at høg avkastning, urimeleg uttak av verdiar o.a vil vera urett. Det er behov for å regulera dette i forskrifta. Her er det imidlertid viktig å vera merksam på at det er ein del mindre private aktørar i marknaden t.d. foreldrelag, stiftingar og enkeltmannsforetak. Desse treng rimelege vilkår i høve til eigeninnsats. For Fitjar kommune er ingen av dei større aktørane vedk barnehagedrift inne, men tre mindre ikkje-kommunale barnehagar er ein viktig del av barnehagetilbodet.
7. Fitjar kommune er samde i at hovudregelen når det gjeld grunnlaget for tilskot til den einskilde barnehage, må vera budsjetterte kostnader det aktuelle året. Barnehagar, som av ulike grunnar er i ein særstilling, må vurderast særskilt.

For Fitjar kommune

Atle Tornes  
rådmann

Edvin Aase  
skulesjef